

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.6.23

Stad: Fjordsenteret

Sak 20/23. Søknad frå to utanbygds garnfiskarar om dispensasjon frå fiskereglane for statsallmenningen

Saksopplysning/vurdering:

To utanbygdsbuande fiskelag har sendt søknad til fjellstyret om dispensasjon frå fiskereglane for statsallmenningen for å kunna fiska med garn i fleire vatn enn dei som er opna garnfiske for utanbygdsbuande. Søknadene kjem frå Jan Eira frå Hol og Lars Nødtvedt frå Øystese (Eira søker på vegne av seg sjølv og tre andre, Nødtvedt berre for seg sjølv). Kopi av søknadene ligg ved.

Utanbygds fiskarar har etter gjeldande fiskereglar høve til å kjøpa garnkort for nokre vatn i statsallmenningen. Her er utdrag frå i fiskereglane (§ 10), vedtekne i 2017: ***Utanbygdsbuande kan få kjøpt kort for garnfiske i følgjande vatn: Vetlebotnvatnet, Vestredalsmagasinet og Katlamagasinet. Fjellstyret vil krevja at utanbygds garnfiskarar nyttar fjellstyret sine garn i desse vatna, for å unngå spreiring av sjukdomssmitte eller framande organismar.***

Dei siste åra har eit par fiskelag etter søknad fått dispensasjon frå fiskereglane, på den måten at dei har fått utvida utvalet av vatn garnkortet har omfatta. Det er særleg Nyhellermagasinet som har vore attraktivt i den samanhengen. Siste to åra har fiskelaget frå Hol teke opp ein vesentleg del av det som er fiska på Aurlandssida i dette magasinet. Dette har bidrege til uttynning av bestanden og betre kvalitet og storleik på fisken. Ut frå fangstrapportane er bestanden i det magasinet no ein god del tynnare enn tidlegare, ut frå gjennomsnittsvekta på fisken (0,45 kg i 2022). Fangststatistikken frå andre regulerte vatn kan tyda på at det trengst å fiskast meir for å få opp storleiken. I store Vargevatnet var gjennomsnittsvekta av 159 fiskar 0,38 kg i 2023, og i Langavatnet - Adamsvatnet var snittet av 477 fisk 0,27 kg. Tal frå året før syner om lag det same. Dette kan tyda på at det kan vera meir aktuelt å styra utanbygds garnfiskeinnsats til desse vatna enn til Nyhellermagasinet, dersom fjellstyret går for å gje dispensasjon denne sesongen. Eg vil føreslå at det vert gjort, og at dei to som har søkt får utvida lista over vatn som kan fiskast i med garn til å omfatta store Vargevatnet og Langavatnet- Adamsvatnet. Vidare at Nyhellermagasinet ikkje vert medteke i ordninga denne sesongen.

Framlegg til vedtak:

To utanbygdsbuande fiskarar (Jan Eira på vegne av fiskelag på 4, og Lars Nødtvedt), som har søkt om dispensasjon frå fiskereglane i Aurland statsallmenning for å fiska med garn i fleire vatn enn dei tre vatna som § 10 i fiskereglane opnar for, får utvida lista over vatn det kan fiskast i med følgjande 2 vatn sesongen 2023:

- Store Vargevatnet
- Langavatn/Adamsvatn

Nyhellermagasinet vert ikkje opna for garnfiske for utanbygdsbuande fiskarar i år.

Fjellstyrekontoret, den 13.6.23

Harald Skjerdal

Håkon Øydvin

Fra: info@eiraviltogfisk.no
Sendt: mandag 29. mai 2023 16:42
Til: Håkon Øydvin
Emne: Fiskekort

Aurland fjellstyre

Etter noen år med tynningsfiske i Kongshelleren og Nyhellervann som viser seg å ha vært vellykket søker jeg med dette om fiskekort (garnrett) også i 2023. Vi er et lite fiskelag på 4 mann (Jan Eira, John Eira, Martin Mørk og Magnus Mørk) som synes dette er morro. Da vi fisker utover høsten har jeg funnet flere sauer som jeg pleier å ringe og melde fra om til Bente Steine. Håper på et posetift svar også i år.

På forhånd takk

Mvh

Jan Eira

info@eiraviltogfisk.no

99157077

Ad fangstrapport for 2022, samt søknad om løyve til å fiska med garn i Aurland statsalmenning, for Lars Nødtvedt, for sesongen 2023

Vedlegg til fangstrapport for fiskegarnkort for utanbygdsbebuande 2022, tilhøyrande Lars Nødtvedt og Ronald Herfindal.

Ronald og eg har ikkje fiska denne sesongen. Dette har samanheng med at me ikkje har hatt tilgang til båt. No har eg kjøpt båt, motor og båthengjar. Innrapportert fangst gjeld for Lars Nødtvedt.

Har observert, medio september 2022, at det i Langavatnet/Adamsvatnet ikkje var mogeleg å koma ned med båt og hengjar. Dette grunna svært nedtappa vannstand. Har derfor ikkje fiska der.

Ang Katlavatnet, der såg det fint ut for å koma ned med båt og hengjar, men har ikkje fiska der heller. Til det var det for seint i sesongen.

Eg, Lars Nødtvedt, har derfor kjøpt eige fiskegarnkort for å få lov til å fiska i andre vatten enn det som i utgangspunktet vart gitt løyve til i søknaden for 2022.

Fangstrapport frå Vestredalsvatnet vedlagt.

Søknad med garnfiske for sesongen 2023

Eg, Lars Nødtvedt, søker med dette også om å få fiske med garn i Aurland statsalmenning med maks tillatte garn for sesongen 2023.

Som tidlegare nevnt har eg hytte på Østerbø, Li hyttefelt

Med venleg helsing

Lars Nødtvedt

Hardangerfjordvegen 761

6510 Øystese

Mobil: 959 96 300

E-mail: lnodt@broadpark.no